

---

**Saksnr:** 2020/54915-7  
**Saksbehandlar** Åge Avedal  
**Dato:** 05.10.2020
 

---



---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering
 

---

**Frå:** Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkluderingl
 

---

### Tilskot til regionale ungdomsparti 2020

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok å etablere ei tilskotsordning for regionale partipolitiske organisasjonar i møte 4. juni 2020. Hovudutvalet vedtok retningslinjer for ordninga i same møtet, og det vart sett av 400 000 kr i 2020 frå budsjettposten «Tilskot til barne- og ungdomsføremål».

Fylkeskommunen sendte ut e-post med brev og informasjon om tilskotsordninga til alle ungdomspartia i juli 2020. E-postane vart sendt til ungdomspartia basert på kontaktinformasjon på ungdomspartia sine nettsider. Ved søknadsfristen 1. oktober 2020 var det kome inn søknader frå fire regionale ungdomsparti, Vestland Senterungdom, Vestland Unge Venstre, AUF i Vestland og Vestland Unge Høgre.

Hovudutvalet har vedtatt at midlane i ordninga skal fordelast ved administrativt vedtak i samsvar med vedtekne retningslinjer. Fylkesdirektøren har fordelt i alt 223 914 kr til dei fire ungdomspartia som stettar krava i ordninga. Det er fem ungdomsparti som ikkje har søkt om tilskot via ordninga i 2020, og det står igjen 176 086 kr som ikkje er fordelt i 2020. Fylkesdirektøren vil kome tilbake med ei sak til hovudutvalet som gjeld restmidlane i ordninga.

Utrekninga av tilskot kjem fram i følgjande tabell:

	Grunn- beløp	Val- resultat	Sum prosent	Justert prosent	Rest til fordeling i kroner	Tilskot fordelt på valresulta t	Tilskot	Merknad
AUF	20 000	20,40 %	87,90 %	23,21 %	220 000	51 058	<b>71 058</b>	Stettar krava
Unge Høgre	20 000	17,90 %	87,90 %	20,36 %	220 000	44 801	<b>64 801</b>	Stettar krava
Senterungdomme n	20 000	15,70 %	87,90 %	17,86 %	220 000	39 295	<b>59 295</b>	Stettar krava
Unge Venstre	20 000	3,50 %	87,90 %	3,98 %	220 000	8 760	<b>28 760</b>	Stettar krava
						<b>Sum</b>	<b>223 914</b>	
<i>Framstegspartiets Ungdom</i>	<i>20 000</i>	<i>8,60 %</i>	<i>87,90 %</i>	<i>9,78 %</i>	<i>220 000</i>	<i>21 524</i>	<i>41 524</i>	<i>Ikkje levert søknad</i>
<i>Grøn ungdom</i>	<i>20 000</i>	<i>7,10 %</i>	<i>87,90 %</i>	<i>8,08 %</i>	<i>220 000</i>	<i>17 770</i>	<i>37 770</i>	<i>Ikkje levert søknad</i>
<i>Sosialistisk Ungdom</i>	<i>20 000</i>	<i>6,40 %</i>	<i>87,90 %</i>	<i>7,28 %</i>	<i>220 000</i>	<i>16 018</i>	<i>36 018</i>	<i>Ikkje levert søknad</i>

<i>Kristeleg Folkeparti Ungdom</i>	<i>20 000</i>	<i>4,90 %</i>	<i>87,90 %</i>	<i>5,57 %</i>	<i>220 000</i>	<i>12 264</i>	<i>32 264</i>	<i>Ikkje levert søknad</i>
<i>Raud Ungdom</i>	<i>20 000</i>	<i>3,40 %</i>	<i>87,90 %</i>	<i>3,87 %</i>	<i>220 000</i>	<i>8 510</i>	<i>28 510</i>	<i>Ikkje levert søknad</i>
						<b><i>Sum</i></b>	<b><i>176 086</i></b>	
<b>Sum totalt</b>	<b>180 000</b>	<b>87,90 %</b>		<b>100 %</b>		<b>220 000</b>	<b>400 000</b>	

I tabellen vert summen av valresultatet 87,9 fordi dei resterande partia som fekk stemmer ved fylkestinga ikkje er med i utrekninga. Dette fordi dei ikkje har ungdomsorganisasjon og/eller ikkje er medlem av sitjande fylkesting. Desse er:

Folkeaksjonen Nei til meir bompengar (9 %)

Pensjonistpartiet (1,10 %)

Andre (2 %)

#### Vedlegg

- 1 Retningslinjer tilskot til regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonar - vedtatt 4.6.2020
- 2 Informasjonsbrev, tilskot regionale ungdomsparti 2020
- 3 Fordeling av tilskot, reg. ungdomsparti 2020